



STORTINGET

Stortingstidende

Referat fra møter i Stortinget

Nr. 44 · 30. januar
Sesjonen 2023–2024

Møte tirsdag den 30. januar 2024 kl. 10

President: Masud Ghara khani

Dagsorden (nr. 44):

1. Innstilling fra næringskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Torgeir Knag Fylkesnes, Lars Haltbrekken og Kari Elisabeth Kaski om tiltak for å bedre helsen til oppdrettsfisk (Innst. 170 S (2023–2024), jf. Dokument 8:36 S (2023–2024))
2. Innstilling fra næringskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Anna Molberg, Kari-Anne Jønnes, Mahmoud Farahmand, Olve Grotle og Trond Helleland om å sikre bedre betingelser for næringsliv i statsallmenningene (Innst. 171 S (2023–2024), jf. Dokument 8:32 S (2023–2024))
3. Innstilling fra kontroll- og konstitusjonskomiteen om Riksrevisjonens undersøkelse av matsikkerhet og beredskap på landbruksområdet (Innst. 173 S (2023–2024), jf. Dokument 3:4 (2023–2024))
4. Innstilling fra kontroll- og konstitusjonskomiteen om Riksrevisjonens undersøkelse av Skatteetatens arbeid med å avdekke norske skattepliktiges inntekter og formuer i utlandet samt kryptovaluta (Innst. 172 S (2023–2024), jf. Dokument 3:3 (2023–2024))
5. Referat

Presidenten [10:00:06]: Representanten Anja Ninasdotter *Abusland*, som har vært permittert, har igjen tatt sete.

Fra Statsministerens kontor foreligger følgende brev til Stortinget, datert 23. januar 2024:

«Det ble avholdt statsråd på Det kongelige slott tirsdag 23. januar 2024 kl. 10.00 under ledelse av Hans Majestet Kongen.

Det ble truffet følgende vedtak om endringer i regjeringen mv.:

- Statsministerens kontor
1. Statsråd Sandra Konstance Nygård Borch gis avskjed i nåde.
 2. Statssekretær Oddmund Løkensgard Hoel gis avskjed i nåde som statssekretær for statsråd Sandra Konstance Nygård Borch.
 3. Statssekretær Oddmund Løkensgard Hoel utnevnes til statsråd og overtar ansvaret for forsknings- og høyere utdanningssaker i Kunnskapsdepartementet.
 4. Ansvarsfordelingen mellom statsrådene i Kunnskapsdepartementet videreføres som fastsatt i kongelig resolusjon 14. oktober 2021 kl. 12.00.

5. Møtende vararepresentant på Stortinget Ivar Bühring Prestbakmo utnevnes som statssekretær for statsråd Oddmund Løkensgard Hoel i Kunnskapsdepartementet.
6. Rangordningen for regjeringen Støre fastsettes i samsvar med vedlagte forslag.
7. Endringene ovenfor trer i kraft 23. januar 2024 kl. 12.00.»

Det refererte brevet foreslås vedlagt protokollen. – Det anses vedtatt.

Det tidligere medlem av regjeringen, Sandra Borch, har tatt sete som representant.

Statsråd Cecilie Myrseth overbrakte 3 kgl. proposisjoner (se under Referat).

Presidenten [10:01:56]: Representanten Lars Haltbrekken vil framsette et representantforslag.

Lars Haltbrekken (SV) [10:02:10]: På vegne av meg selv vil jeg framsette et representantforslag om bynasjonalparker.

Presidenten [10:02:19]: Forslaget vil bli behandlet på reglementsmessig måte.

Sak nr. 1 [10:02:26]

Innstilling fra næringskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Torgeir Knag Fylkesnes, Lars Haltbrekken og Kari Elisabeth Kaski om tiltak for å bedre helsen til oppdrettsfisk (Innst. 170 S (2023–2024), jf. Dokument 8:36 S (2023–2024))

Presidenten [10:02:44]: Etter ønske fra næringskomiteen vil presidenten ordne debatten slik: 3 minutter til hver partigruppe og 3 minutter til medlemmer av regjeringen.

Videre vil det – innenfor den fordelte taletid – bli gitt anledning til inntil tre replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av regjeringen, og de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får også en taletid på inntil 3 minutter.

Runar Sjøstad (A) [10:03:16] (ordfører for saken): Først vil jeg takke komiteen for et godt samarbeid i saken.

Komiteen viser til fiskeri- og havministerens brev av 21. november 2023 med statsrådets vurderinger av representantforslaget. Brevet er for øvrig vedlagt innstillingen.

Komiteen viser til at sjømat er en viktig eksportnæring for Norge. Komiteen er opptatt av at all sjømat skal produseres under sunne og humane forhold.

Komiteen viser videre til NOU 2023: 23, havbruksutvalgets gjennomgang av en helhetlig forvaltning av akvakultur i Norge, der fiskehelse og fiskevelferd også er tema. Nærings- og fiskeridepartementet har sendt havbruksutvalgets utredning på offentlig høring, med høringsfrist 2. januar 2024. Videre viser komiteen til Riksrevisjonens rapport Dokument 3:12 for 2022–2023, Myndighetenes arbeid med fiskehelse og fiskevelferd i havbruksnæringen, som er til behandling i Stortinget.

Komiteen noterer seg at statsråden i ovennevnte brev mener intensjonene i forslagene allerede er ivarettatt i dagens regelverk, henholdsvis gjennom matloven og dyrevelferdsloven og underliggende forskrifter. Det er også varslet en dyrevelferdsmelding i 2024.

Under komiteens behandling av representantforslaget har det kommet inn fire høringsinnspill fra henholdsvis Tekna, Forbrukerrådet, Dyrevernalliansen og NOAH.

Jeg viser for øvrig til komiteens tilrådning, som medlemmene i komiteen fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet og Fremskrittspartiet står bak, om at representantforslaget ikke vedtas.

Olve Grotle (H) [10:05:06]: Høgre er opptekne av havbruksnæringa, og at det skal leggjast til rette for ein berekraftig vekst. Samtidig er vi òg opptekne av miljø og fiskehelse, og vi er klare på at næringa må ta dette meir på alvor. Det føregår arbeid i regjeringa som omfattar fiskehelse, og sentralt her står dyrevelferdsmeldinga. Det er òg varsla oppstart av arbeid med ei ny havbruksmelding, som vil omfatte arbeidet frå havbruksutvalet. Regjeringa har varsla at ho innan rimeleg tid vil kome til Stortinget med meldingar der fiskehelse vil stå sentralt.

EØS-avtalen harmoniserer stort sett alt regelverk knytt til næringsmiddelhygiene, fôrhygiene, dyrehelse, dyrevelferd, merking av mat, marknadsføringsreglar for mat og fôr m.m. Det vil seie at vi har eit felles omfattande og detaljert regelverk med EU på desse områda, og det er i svært liten grad høve for nasjonale myndigheiter til å innføre strengare eller slappare hygienekrav i matproduksjonen.

Når det så gjeld omsetning av næringsmiddel, inkludert fisk, som ikkje er trygge å ete eller ikkje oppnår nærmare spesifiserte krav til kvalitet, kan desse ikkje seljast til konsum. Mattilsynet er tilsynsmyndigheit, og det er allereie god regulering for å sikre sunn og trygg mat med akseptabel kvalitet.

Forutan at vi alt har eit system som tek vare på mat-sikkerheit og kvalitet, vil det vere svært utfordrande å utforme eit offentleg regelverk – ved sida av EØS-reglane – som skal fastsetje merking av oppdrettsfisk som har hatt sjukdomar. Ei anna sak er at produsentane bør ha ei ei-

geninteresse i at forbrukarane kjenner seg trygge på at maten er sunn og god, og bør treffe tiltak for å sikre dette.

Helsekontroll er eit viktig element i arbeidet med å førebyggje spreiring av sjukdomar og sikre god fiskevelferd. For å sikre at oppdrettar gjennomfører helsekontrollar med rett kompetanse, er helsekontrollane regulerte gjennom akvakulturdriftsforskrifta. Det er berre autorisert dyrehelsepersonell som har tilstrekkeleg kompetanse til å gjere vurderingane, og difor krev regelverket at det berre er veterinærar og fiskehelsebiologar som kan gjennomføre dei pålagde helsekontrollane. Dyrehelsepersonellet som skal utføre helsekontrollane, er gjennom dyrehelsepersonellova pålagt ei rekkje plikter som ikkje vil bli påverka av tilsetjingsforhold. Det sentrale må vere at fiskehelsepersonell og veterinærar utfører arbeidet sitt på ein god måte og i tråd med fastsette krav i regelverket. Det har difor mindre å seie korleis fiskehelsetenesta er organisert.

Under komitébehandlinga har det kome til to forslag knytt til *Listeria monocytogenes*. Desse er ikkje blitt vurderte av fiskeri- og havministeren. Høgre går ut frå at dette òg vil bli behandla i dei varsla fiskehelsemeldingane til Stortinget, og det er difor naturleg å avvente desse. Skulle det vere behov for ekstratiltak før desse meldingane blir lagde fram, legg Høgre til grunn at regjeringa vil gjere dei nødvendige tiltaka.

Per Ivar Lied (Sp) [10:08:37]: Sjømat er ei viktig eksportnæring for Noreg. Alle partia er opptekne av at sjømat skal produserast under sunne og humane forhold.

Fiskehelse og fiskevelferd er eit tema også i NOU 2023: 23, og utgreiinga frå havbruksutvalet har vore på offentlig høring med frist no i januar.

Senterpartiet meiner intensjonen i representantforslaget allereie er ivaretekne i dagens regelverk, både gjennom matlova og dyrevelferdslova. Det er dessutan varsla ei dyrevelferdsmelding i 2024.

Produksjonen av norsk sjømat er underlagd strenge reglar og kontroll. Likevel meiner vi at helsa til oppdrettsfisk må bli betre, men vi trur ikkje at sjukdomsmerking av matvarer er eit effektivt tiltak. Mattilsynets kontrollfunksjon og tilsyn er viktig for å sørgje for mattryggleik for norsk sjømat. Budsjettet til Mattilsynet er auka med 20 mill. kr i 2024, m.a. for å styrkje arbeidet med fiskehelse.

Eg har lyst til å vise til nokre av punkta som statsråden har framheva i svaret til komiteen, nemleg at Noreg gjennom EØS-avtala har eit felles regelverk med EU for mat, dyr og innsatsvarer. Det er eit omfattande regelverk på dyrehelseområdet, som gjeld både fisk og dyr og all mat, både planter, fisk og landdyr. Den som importerer, handterer, lagrar eller omset næringsmiddel, må vere

registrert som næringsmiddelverksemd, og produksjon av næringsmiddel frå dyr, som kjøt, sjømat, mjølk og egg, krev i tillegg godkjenning av Mattilsynet. Då må ei rekkje krav vere oppfylte. Merking av mat er også ein del av EØS-avtala og er regulert gjennom matinformasjonsregelverket.

I tillegg til veterinær- og hygienekrav som er en del av EØS-avtala, har vi nasjonale krav til kvalitet for fisk som skal fremje god kvalitet på fisk og fiskevarer til forbrukar.

Helsekontroll er også viktig for å førebygge spreiding av sjukdomar og sikre god fiskevelferd, og for marknadstilgangen for norsk fisk. Senterpartiet meiner det vil vere meir effektivt med styrking av regelverket og tilsynet med helse, velferd og kvalitet av oppdrettsfisk enn merking av fiskeprodukt.

Forbrukarane er opptekne av dyrevelferd. Det er også regjeringspartia. Det blir difor arbeidd med ei ny stortingsmelding om dyrevelferd, og det trengst, sidan det er 20 år sidan det var ein samla gjennomgang av regelverket for dyrevelferd.

Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [10:11:50]: Fiskehelse i norsk oppdrett er ikkje god nok og må betrast betrakteleg. Den dårlege fiskehelse går direkte ut over dyrevelferda, som utgjør eit stort etisk problem for næringa – og også for denne salen, som har ansvaret for å sikre rammevilkår som sikrar at dyrevelferda er anstendig.

Dårleg fiskehelse går ikkje berre ut over fisken. Oppdrettsnæringa er ei avgjerande næring for mange lokalsamfunn og den nasjonale økonomien. Næringa er svært utsett for negativt omdøme, og vedvarande dårleg fiskehelse kan ha store konsekvensar for omdømet til næringa og dermed for norsk økonomi.

SV meiner vi må gå kraftig til verks for å omstille næringa, bl.a. gjennom fleire indikatorar i trafikkløssystemet, gjennom at alle nye konsesjonar skal vere med forureiningsfri teknologi, og gjennom økonomiske verkemiddel som sikrar at næringa omstiller seg.

SV meiner også at vi må sikre at forbrukarane kan setjast i stand til å bruke makta si. Forsking frå Forbruksforskningsinstituttet, SIFO, viser at nordmenn er opptatte av dyrevelferd, og at forbrukarane ønskjer å vite korleis dyret dei et, har levd. Ein aukande del av forbrukarane er skeptiske til velferda til oppdrettsfisk. Forbrukarar ønskjer større openheit i oppdrettsbransjen. Da må vi som politikarar og folkevalde levere.

Difor er eg glad for at Stortinget etter SVs gjennomslag i forhandlingane i haust gir regjeringa marsjordre om å bidra til at forbrukarane får relevant informasjon om helse, velferd og miljøstatus i norsk matproduksjon, og å vurdere frivillig sjukdomsmerking av oppdrettsfisk i butikkane i løpet av 2024. Ei frivillig merkeordning har

både Sjømat Norge og sjømatbedriftene ytra seg positivt til, og eg forventar at statsråden tar initiativ og får dette på plass i løpet av året.

Avslutningsvis: Skal vi få den næringa som lokalsamfunn langs heile kysten ønskjer seg, er auka berekraft og betre fiskevelferd vegen å gå. Det trur eg fleire og fleire begynner å sjå no. Det er bra for lokalsamfunna, det er bra for fisken, og det er bra for nasjonaløkonomien.

Eg tar opp forslaga SV har saman med Raudt, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne.

Presidenten [10:14:23]: Representanten Torgeir Knag Fylkesnes har tatt opp de forslagene han refererte til.

Geir Jørgensen (R) [10:14:37]: Det påligger oss som lovgivere i en nasjon med stor eksport av sjømat å ha det beste regelverket vi kan ha, og sørge for at det ikke er tvil om at den maten vi sender ut av landet, og som vi har eksportinntekter fra, er trygg å spise.

Vi ser gang på gang at det refereres til historier fra denne næringen, der man ikke har klart å opprettholde den mattryggheten vi skulle hatt i en så stor næring. Jeg vil takke forslagsstillerne for et godt forslag, og det er beklagelig at regjeringspartiene i samarbeid med Høyre klarer å torpedere et så godt forslag.

Det vi har sett underveis i behandlingen av denne saken, er en stygg historie fra Sverige. Norsk laks er solgt og videreprosessert i Sverige med katastrofale og fatale utfall for forbrukerne. Det er bakterien listeria det er snakk om her. Den har den egenskapen at den kan være dødelig for folk med underliggende sykdom.

Da Mattilsynet undersøkte Lerøys anlegg på Hitra og Frøya, ble det levert et alvorlig varsel – et varsel som skulle vært håndtert som et avvik, men ikke ble det. Mattilsynet skriver at dette selskapet ikke har fått bedre kontroll på tilstedeværelse av listeria i produksjonen, at de ikke ivaretar mattryggheten på en tilstrekkelig måte, og at dette selskapet bør ha tiltak overfor neste ledd når så store mengder av listeria er påpekt. Det er altså mer enn 700 påvisninger i produksjonsmiljøet.

Vi i Rødt er med på forslag der vi ber regjeringen utrede en plikt for lakseslakterier til å varsle videre til neste ledd i produksjonslinjen eller til kjøper ved påvisning av listeria. Vi ber også regjeringen ta initiativ til sammen med oppdrettsnæringen og Mattilsynet å utarbeide bransjeretningslinjer for listeria i oppdrettsnæringen.

Statsråd Cecilie Myrseth [10:17:29]: Jeg deler engasjementet for å få en bedre fiskehelse og -velferd, og for at vi skal ha en bærekraftig oppdrettsnæring. Sjømaten er utrolig viktig for Norge. Da må vi sikre at fisken har det bra. Oppdrettsnæringen er en veldig stor del av det-

te. Min jobb er å sørge for at vi har et regelverk som legger til rette for dette. Oppdretterne har ansvar for at fisken er frisk og har det bra, og sammen skal det bidra til både tillit og omdømme, men det er en jobb som man hele tiden må gjøre.

Norge har gjennom EØS-avtalen et felles regelverk med EU for mat. Det regelverket sikrer at all mat som selges til forbrukerne, er trygg, og vi trenger ikke å merke maten for at forbrukerne skal vite nettopp det.

Likevel har vi sett i mediene at det har kommet fram saker hvor regelverket ikke er fulgt. Sånn skal vi ikke ha det. Samtidig viser disse sakene at Mattilsynet gjør jobben sin, og Mattilsynet spiller en viktig rolle for å sørge for god helse hos dyrene, og trygg mat. Denne regjeringen har derfor styrket Mattilsynet i hvert budsjett som har vært lagt fram. Dette fokuseres det på i høy grad.

Det er også viktig å påpeke at listeria ikke handler om oppdrettsfiskens helse. Dette er en bakterie som kan finnes på slakteriet, og som kan bli med fisken i produksjonslinjen etter slakt og oppformes på veien til forbrukeren. Listeria kan gi alvorlig sykdom hos mennesker, og det er derfor klare grenser i regelverket for hvor mye listeria som kan følge med et produkt. Det påvirker også holdbarheten.

Det er mange ting vi må se på for å sikre en bedre fiskehelse og -velferd. Jeg mener at det å se utelukkende på merking ikke er det som gir de svarene vi vil ha. Forbrukerne skal være trygge på at produktene de finner i disken, er trygge å spise, og at dyrene har hatt det bra.

Som det har vært nevnt flere ganger, jobber regjeringen med to meldinger til Stortinget som har med disse temaene å gjøre. Det er meldingen som kommer om dyrevelferd, som omhandler alle dyr og ikke minst fisken, og i tillegg er vi i startfasen av arbeidet med havbruksmeldingen, som også tar opp en del av det som er nevnt her. Jeg mener at gjennom de to meldingene vil regjeringen legge til rette for at Stortinget får grundig og god anledning til å diskutere disse viktige temaene.

Presidenten [10:20:22]: Det blir replikkordskifte.

Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [10:20:38]: Det er openbert at det er mange ting som skal til for å sikre god fiskevelferd. Ein kan kanskje dele det inn konseptuelt i to bitar. Det eine er det som skjer når forbrukarane skal handle fisk, det andre er den reguleringa vi gjer frå lovgivarsida og myndighetssida.

På myndighetssida og lovgivarsida har det gått veldig langsam. Trafikklyssystemet var eit arbeid som blei sett i gang av den førre raud-grøne regjeringa og innført av den blå regjeringa, men der var det berre éin indikator, og det var lus. Ideen var at det her skulle vere mange indikatorar. Det skulle vere eit berekraftsindikatorsystem som skulle ha nøkkelindikatorar på viktige område, deri-

blant dyrevelferd. Det har ikkje skjedd. Framleis står vi berre med lus. Det er eigentleg ein ganske pinleg affære.

Når kjem det ein eigen indikator for dyrevelferd i trafikklyssystemet for oppdrett?

Statsråd Cecilie Myrseth [10:21:40]: Det er mange ting vi må gjøre for å sikre at oppdrettsnæringen blir mer bærekraftig. Det er også mitt klare ønske og min ambisjon. Vi har i gang to viktige arbeid nå som handler om nettopp dette.

Det ene er dyrevelferdsmeldingen, som kommer. Der er det mye engasjement allerede – med god grunn – og det deler jeg.

Det andre er hvordan vi skal regulere oppdrettsnæringen. Det vil komme i havbruksmeldingen, så det er for tidlig nå å si hvilke tiltak den vil inneholde, og hvordan den skal se ut, men det kommer en stor melding. Den gjør jeg meg flid med, og den skal komme så raskt som overhodet mulig, og den er utrolig viktig for å ha et godt regelverk og rammeverk for å sikre en bærekraftig oppdrettsnæring.

Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [10:22:29]: Det står også i Hurdalsplattforma at ein skal kome med fleire indikatorar i trafikklyssystemet. Det stod det også i den førre regjeringa si erklæring, men av ein eller annan utruleg grunn går det arbeidet veldig langsamt. Det er den regulatoriske delen. Det blei altså lova reglar som sikrar dyrevelferda, og det reknar eg med kjem i dyrevelferdsmeldinga og ein del andre stader.

Arbeidet med forbrukardimensjonen her er ein annan del. Vi ser stadig større merksemd blant forbrukarar. Det blir ikkje minst forsterka av medieoppslag om ganske horrible utslag av dårleg dyrevelferd, og folk begynner å bli skeptisk til oppdrettsfisk. Den skepsisen er rett og slett livsfarleg for veldig mange lokalsamfunn langs kysten, og det verkar ikkje som dette blir tatt nok på alvor så langt, verken av næring eller av myndigheter.

Spørsmålet er: Når får vi på plass ei merkeordning i butikkane?

Statsråd Cecilie Myrseth [10:23:33]: Jeg er iallfall uenig i at dette ikke tas på alvor av myndighetene, om man da tenker at myndighetene er regjeringen. Vi fokuserer i stor grad på det, og det har jeg også fokusert mye på siden jeg ble statsråd når disse sakene har vært oppe i mediene. Det engasjementet deler jeg fullt ut med representanten. Vi har sett situasjoner og bilder på hvordan vi ikke skal ha det.

Det er viktig å si at det også er veldig mange som ikke bryter reglene i næringen. Det er viktig å si fordi denne næringen er utrolig viktig for veldig mange lokalsamfunn langs kysten.

Det er mange paradoks her. Det ene er at vi er nødt til å sikre at flere spiser fisk. Hvordan skal vi gjøre det? Vi er avhengig av disse viktige eksportinntektene. Da må vi sørge for at det er tillit mellom samfunn og næringer til at man følger reglene, at man sikrer at fisken har det bra, og at man driver på en bærekraftig måte. Det er det politikken skal sørge for, og det jobber vi også med hver eneste dag.

Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [10:24:36]: Eg trur på statsråden når ho seier at ho tar dette på alvor. Det trur eg på. Når eg meiner alvor, er det det regulatoriske alvorret – at ein faktisk har sett inn tiltak som gjer at ein tar det på alvor. Der meiner eg nok vi alle kan vere einige om at ein ikkje har kome langt nok. I den utviklinga vi no ser, er reglane for svake. Det å følgje reglar i dag er ikkje nok. Ein må også innføre reglar som er strengare, som varetar dyrevelferda på ein betre måte, og som ikkje minst varetar ønsket blant forbrukarar om å vere trygge på at den maten ein et, har vore godt behandla. Det trur eg gjeld all matproduksjon. Der har vi ein stor jobb å gjere. Det er ikkje slik lenger at ein berre kan ha litt lause reglar, håpe det går bra, og så går det bra i økonomien. Nei, dei tinga heng nøye saman.

Når det gjeld merkeordning i butikkane, korleis ligg prosessen an der? Kva har statsråden tenkt om det?

Statsråd Cecilie Myrseth [10:25:40]: Alle vedtak som fattes i Stortinget, vil selvfølgelig bli fulgt opp av regjeringen.

Når det gjelder om reglene er for strenge, for svake, ikke til stede eller tilfeldige, må jeg bare si at om man følger reglene i dag, ligger det an til at man da vil få et godt omdømme, og man vil ta vare på fisken. Vi ser at ikke alle gjør det, men jeg mener at man ikke kan begynne i den enden at man sier at når noen bryter regler og lover, skal man endre på dem. Da må man sørge for at de som skal følge dem, faktisk følger dem – som i alle andre regelverk vi har her i landet.

Jeg er ikke fremmed for å se på om man skal endre på eller stramme inn det regelverket som er. Det må vi gjerne se på, for det viktigste er at vi får opp tilliten, at omdømmet er bra, og at fisken har det bra. Det er det aller viktigste. Det vil vi komme tilbake til i to stortingsmeldinger, der i hvert fall den ene skal legges fram i løpet av dette året.

Presidenten [10:26:41]: Replikordskiftet er avsluttet.

Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 1.

Sak nr. 2 [10:26:46]

Innstilling fra næringskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Anna Molberg, Kari-

Anne Jønnes, Mahmoud Farahmand, Olve Grotle og Trond Helleland om å sikre bedre betingelser for næringsliv i statsallmenningene (Innst. 171 S (2023–2024), jf. Dokument 8:32 S (2023–2024))

Presidenten [10:27:04]: Etter ønske fra næringskomiteen vil presidenten ordne debatten slik: 3 minutter til hver partigruppe og 3 minutter til medlemmer av regjeringen.

Videre vil det – innenfor den fordelte taletid – bli gitt anledning til et replikkordskifte på inntil tre replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av regjeringen, og de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får også en taletid på inntil 3 minutter.

Per Olav Tyldum (Sp) [10:27:33] (ordfører for saken): La meg først få takke komiteen for samarbeidet.

Representantforslaget som skal behandles her i dag, omhandler vilkår for næringsvirksomhet i statsallmenningene, spesielt reglene om avhending av statsallmenningsgrunn og retningslinjer for fastsetting av festeavgifter.

Hovedregelen i fjellova er at grunn i statsallmenning ikke kan selges. Tomtefeste reguleres gjennom tomtefesteloven og er utgangspunkt for alle typer feste-forhold. Loven skal sikre grunneiers rettigheter samtidig som den skal sikre også festeren mot urimelige vilkår. I hovedsak kommer grunneierinntektene i statsallmenninger fra festekontrakter. Øvrige inntekter forvaltes av Statskog og brukes til administrasjon av statsallmenningene og fjellstyresambandet og til andre tiltak med mål om verdiskaping og arbeidsplasser i statsallmenningene.

Senterpartiet mener det er viktig at Statskog spiller en aktiv og viktig rolle i lokal næringsutvikling der de har eiendommer i form av statsallmenning eller statsgrunn. Hurdalsplattformen slår også fast at Statskog skal brukes som et verktøy for industribygging og næringsutvikling. Jeg ser det derfor som naturlig at Statskog, i dialog med de kommunalt oppnevnte fjellstyrene og de aktuelle kommunene, sikrer en god dialog.

Det er ikke hensiktsmessig med egne retningslinjer for taksering av statsallmenningsgrunn. Statens eierinteresser ivaretas innenfor gjeldende lovverk. Egne retningslinjer vil heller ikke være i samsvar med statens prinsipper for god eierstyring.

Statsråden skriver i sitt brev til komiteen at Statskog SF skal ta riktig pris ved utleie av fellesskapets grunn. Uenighet mellom fester og grunneier kan selvsagt oppstå, og kan da om mulig måtte prøves rettslig. Jeg vil tro at landbruks- og matministeren gjennom sine eiermøter med Statskog SF blir holdt oppdatert på selskapets aktivitet. Jeg mener at eventuelle uenigheter må

kunne løses innenfor gjeldende lovverk, som nevnt, og gjerne på lavest mulig nivå.

Olve Grotle (H) [10:30:16]: Bedrifter, særleg i distriktskommunar, har gjerne tilhald på statsallmenningar dei festar. Fleire av desse opplever at Statskog SF terminerer gamle festekontraktar og aukar festeleiga vesentleg basert på nye takseringar utførte av Statskog sjølv. Dette pressar bedriftene til å vurdere kjøp av tomtene for å sikre drift og investeringar. Dette gjeld gjerne kapitalkrevjande bedrifter med små fortjenestemarginar i næringsfattige kommunar. Som følgje av dette ønskjer mange bedrifter difor å innløyse tomtene for å få betre tryggleik for drifta og dessutan betre pantsetjing knytt til lån og investeringar.

Etter fjellova § 13 kan statsallmenningar som hovudregel ikkje avhendast, med nokre få unntak. Desse er knytte til landbruk, grunn til byggetomter og innløysing av bustadtomter etter tomtefestelova. Det vil seie at næringsdrivande som hovudregel ikkje har moglegheit til å kjøpe eigedom som dei har festa på statsallmenningar. Trass i dette er det ifølgje NHO Reiseliv likevel døme på at nokre bedrifter har fått kjøpe grunnen sin av Statskog. Det gjev eit forvirrande bilete av i kva grad forbodet i fjellova faktisk blir praktisert.

Det er klare og legitime omsyn som styrer dagens avhendingsforbod for statsallmenningar i fjellova. Statskog SF er ein aktør som forvaltar store areal til det beste for fellesskapet. Samstundes må næringsfattige kommunar med lågt folketal òg kunne leve av det næringslivet dei har, og dei er avhengige av gode og stabile rammevilkår for dei næringsdrivande. Å feste tomt på statsallmenningar viser seg i fleire tilfelle å bli svært kostbart når Statskog aukar festeleigene utan at det har skjedd ein tilsvarende auke i overskotet til dei aktuelle bedriftene. Det rammar også kommunane.

Det bør difor innførast eit unntak i fjellova for sal av nærings eigedom på visse vilkår. Desse vilkåra kan til dømes vere at det må vere lokal einigheit rundt eit sal i den aktuelle kommunen. Med lokal einigheit meiner ein òg at fjellstyra får høve til å uttale seg før ei eventuell avhending. I tillegg til dette kan det vere grunn til å sjå på retninglinjene Statskog brukar for å fastsetje festeleiga. Det er i dag som hovudregel Statskog sjølv som takserer eigedomane og fastset festesummen på bakgrunn av takseringa. Det skjer ingen forhandlingar med dei involverte partane.

Med dette fremjar eg dei to forslaga i saka.

Presidenten [10:32:45]: Representanten Olve Grotle har tatt opp de forslagene han refererte til.

Statsråd Geir Pollestad [10:32:58]: Regjeringa er oppteken av vilkår for næringsutvikling i distrikta og

fører ein politikk med mål om levande lokalsamfunn og arbeidsplassar i heile landet. Eg registrerer at forslagsstillarane no vil betra vilkåra for næringsutvikling i statsallmenningane, men eg er litt overraska over at ein vil gjera dette gjennom å instruera Statskog SF til å leiga ut eigedomen til fellesskapet for mindre enn det som er verdien, eller ved å selja, sjølv om lova i dag ikkje tillèt det.

Dei lokale sakene, som alle kan ivra for, møter i denne saka nokre prinsipp som er viktige. Då er eg oppteken av å finna gode løysingar på det, men likevel ha respekt for dei prinsippa som gjeld.

Inntektene Statskog SF får frå tomtefeste, kjem statsallmenningane til gode. Dei lokale fjellstyra får halvparten av festeinntektene for hytter og hotell. Andre inntekter går til Grunneigarfondet og vert forvalta av Statskog SF. Grunneigarfondet vert bl.a. nytta til administrasjon av statsallmenningane, støtte til Norges Fjellstyresamband og ulike tiltak i statsallmenningane. Dette omfattar òg tiltak for verdiskaping og lønsame arbeidsplassar.

Som kjent er hovudregelen i fjellova at statsallmenningen ikkje kan seljast. Grunngevinga for dette er at statsallmenningane skal forvaltast i eit langsiktig perspektiv og ikkje delast ut bit for bit.

Tomtefeste er regulert i tomtefestelova. Denne lova gjeld uavhengig av kven som eig grunnen, og skal sikra rettane til grunneigaren samtidig som ho skal sikra festaren mot urimelege vilkår. Lova set forbod mot urimeleg høg festeavgift. Dette må sjølv sagt Statskog SF forhalda seg til. Så gjeld det å finna den rette verdien gjennom takst. I situasjonar der partane er ueinige, kan det vera nødvendig å innhenta fleire takstar. Eg meiner at forvaltninga av statsallmenningane og rammene for dette er gode, og forventar at Statskog SF i dialog med fjellstyra og dei aktuelle kommunane legg til rette for aktiv bruk av resursane i statsallmenningane.

Dette er ei sak som står i Hurdalsplattforma, og som det vil vera naturleg for meg som statsråd å gå inn i. Eg meiner at dette skal skje innanfor rammene av dagens lov og prinsippa for eigarstyring, men tenkjer at me må bruka sunn fornuft og sjå om ein i framtida kan gjera ting betre enn det som har vore gjort så langt.

Presidenten [10:35:59]: Det blir replikkordskifte.

Olve Grotle (H) [10:36:12]: Det er i ordskiftet alle-reie slått fast at det finst to unntak i fjellova der ein kan få avhende eigedom. Det eine er til gardsbruk, det andre gjeld grunn til byggjetomter. I tillegg har ein særregelen i tomtefestelova som gjeld bustadeigedom, men det er altså ikkje eit unntak som kan knyte seg til etablert næringsverksemd, trass i at det kan vere behov for det.

Eg merka meg at det siste ministeren sa, var at det bør brukast sunn fornuft, og så får ein sjå kva som skjer framover. Skal eg oppfatte ministeren slik at det er ein indikasjon på at ein vil sjå på lova på nytt, og sjå om det er fornuftig å få med eit nytt unntak for næringsseigdom?

Statsråd Geir Pollestad [10:37:06]: Eg sa òg at eg meiner den vurderinga me må gjera, og som det er naturleg å gjera, må skje innanfor rammene av dagens lov. Eg er oppteken av at lova skal fylgjast. Det vert i representantforslaget vist til at det har skjedd sal, men det at det har skjedd sal, eventuelt i strid med lova, er ikkje eit argument for at den typen lovbrøt kan skje i framtida.

Eg trur løysinga i denne saka ligg i at ein bruker dei rammene som ein har i dag, anten det er eigarstyring eller lov. Det vil òg vera viktig at me ser på korleis denne dialogen vert ført, og ha dialog med Statskog om det. Det er klart at det er veldig skeive maktforhold her i mange situasjonar.

Eg har tenkt at det alltid skal vera mogleg å gjera ting betre i framtida enn det me har gjort så langt, og så er det viktig å halda fast på dei prinsipielle utgangspunkta.

Olve Grothe (H) [10:38:10]: No bruker jo statsråden den eksisterande lovteksten, den eksisterande lova, som eit argument for at ein ikkje skal kunne selje eller avhende areal, men det Dokument 8-forslaget inneber, er nettopp forsøk på å få endra lova ved at ein tek inn eit nytt unntak. Det vil då ikkje vere i strid med eksisterande lov. Ein skal altså endre lova; det er det ein ber om.

Då må spørsmålet igjen vere: Ser ikkje statsråden at det kan vere behov for eit særskilt unntak knytt til næringsseigdom?

Statsråd Geir Pollestad [10:38:56]: Eg ser jo kva forslaget går ut på, og eg ser òg at det ikkje ligg an til å få fleirtal her.

Eg meiner at det er rom for fleksibilitet innanfor dagens lov. Viss ein gjer for mange unntak, vil ein til sjuande og sist uthola det grunnleggjande knytt til forvaltinga av Statskog, statsallmenningane og vår felles eigedom. Der trur eg nok at partia har litt ulik tilnærming.

Eg vil, så lenge lova gjeld, forhalda meg til ho. Får ein beskjed frå Stortinget om at ein ønskjer å endra lova, må ein forhalda seg til det, men eg trur det er mogleg å oppnå mykje av det som eg høyrer at både posisjon og opposisjon er opptekne av, innanfor rammene av dagens lov.

Olve Grothe (H) [10:39:47]: Eg blir litt usikker på kva ministeren eigenleg meiner. No blir det sagt at det ikkje ligg an til eit fleirtal, og dermed blir det ikkje noko unntak, men det ligg ikkje an til eit fleirtal fordi regje-

ringspartia ikkje vil det. Viss Arbeidarpartiet og Senterpartiet går inn for dette, vil det jo kunne bli eit slikt unntak – så eg skjønar ikkje heilt logikken.

Oppsummert må det vel bli slik at ein ikkje meiner at næringsareal er like viktig som gardsbruk eller for den del bustadtomter. Er det ei presis eller korrekt beskriving av den vurderinga ministeren har av kor viktig det er med næringsdrift, gjerne i kapitalsvake kommunar?

Statsråd Geir Pollestad [10:40:40]: Eg er oppteken av at Statskog skal bidra til næringsutvikling lokalt. Så har eg òg i brevet mitt til Stortinget anbefalt at ein ikkje går inn på det forslaget som ligg føre om å utvida unntak på dette feltet.

Eg seier òg at ein må sjå på om det er rom for å gjera ting betre innanfor dagens lov og dagens retningslinjer for eigarstyring. Eg har peikt på at maktforholdet ofte er skeivt, og at prosessane vert opplevde som tunge. Det er ting som det er naturleg å ha med når ein skal fylgja opp dette punktet i Hurdalsplattforma.

Eg meiner det er mogleg å finna ei god løysing som varetek behova til lokalt næringsliv innanfor rammene av lova, og at ein då samtidig vedtek å sikra det prinsipielle, nemleg at desse verdiane, som fellesskapet eig, vert forvalta til beste for fellesskapet.

Presidenten [10:41:38]: Replikordskiftet er dermed omme.

Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 2.

Sak nr. 3 [10:41:43]

Innstilling frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om Riksrevisjonens undersøkelse av matsikkerhet og beredskap på landbruksområdet (Innst. 173 S (2023–2024), jf. Dokument 3:4 (2023–2024))

Presidenten [10:41:56]: Etter ønske fra komiteen vil presidenten ordne debatten slik: 5 minutter til hver partigruppe og 5 minutter til medlemmer av regjeringen.

Videre vil det – innenfor den fordelte taletid – bli gitt anledning til inntil seks replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av regjeringen, og de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

Nils T. Bjørke (Sp) [10:42:30] (ordfører for saka): Eg vil takka komiteen for godt samarbeid i denne saka. Det er ein samla komité som står bak innstillinga eg no legg fram. Eg vil òg takka Riksrevisjonen for ein sær framifrå rapport. Undersøkinga om mattryggleik og beredskap på landbruksområdet er ein av dei viktigaste og mest omfattande rapportane Riksrevisjonen har lagt fram for Stortinget på lang tid.

Undersøkinga omfattar i hovudsak perioden 2000–2023. Enkelte analysar strekkjer seg tilbake til 1980-talet og 1990-talet. I 2024 forstår alle at mattryggleiken må verta forvalta rett. Sjølv mangel på 1 pst. av mjølk og egg skaper stor politisk uro og ikkje minst uro hjå forbrukaren. Nett difor er det viktig at Riksrevisjonen har gått så grundig inn i mattryggleiken og beredskapen på landbruksområdet.

Nasjonal mattryggleik byggjer på tre sentrale føresetnader: kontinuerleg nasjonal produksjon av mat, sikring av produksjonsgrunnlaget og eit velfungerande handelssystem. Mattryggleik inneber at folk i Noreg til kvar tid skal ha fysisk og økonomisk tilgang på nok og trygg mat. Å ta i bruk landbruksressursane over heile landet, sikra produksjonsgrunnlaget og leggja til rette for konkurransedyktige verdikjeder er turvande for å kunna produsera mat til eige folk. I undersøkinga legg Riksrevisjonen vekt på at 60 pst. av all maten me et, er anten importert eller produsert med importerte førråvarer til husdyrnæringa og oppdrettsnæringa. Difor er me utsette for stor risiko viss tilgangen på importert mat og førråvarer av ulike årsaker skulle verta redusert.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen støttar Riksrevisjonen i at det er kritikkverdige at arealressursane i jordbruket ikkje vert forvalta på ein fullt ut berekraftig måte, m.a. ved at betydelege jordbruksareal av god kvalitet vert omdisponerte og bygde ned. Kontroll- og konstitusjonskomiteen støttar Riksrevisjonen i at det ikkje er tilfredsstillande at Landbruks- og matdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet i dagens norske matvareberedskap ikkje har gjort betre førebuingar dersom det skulle oppstå vesentleg svikt i tilgangen på mat eller fôr.

I innstillinga viser komiteen til at i handsaminga av jordbruksoppgjæret 2014 uttalte ein samla næringskomité at det er avgjerande at landbrukspolitikken som vert ført, gjev trygg og sikker mat, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og ei berekraftig næring. Kontrollkomiteen viser til at næringskomiteen i Innst. 251 S for 2016–2017 viste til at regjeringa i jordbruksmeldinga varsla at «kostnadseffektiv matproduksjon» skulle vera hovudføremålet med jordbrukspolitikken, i tråd med den politiske plattformen til regjeringa. Næringskomiteen støtta ikkje dette hovudformålet med jordbrukspolitikken, men såg ei kostnadseffektiv verdikjede for mat som eitt av fleire verkemiddel for å nå dei overordna måla.

Riksrevisjonen har funne at mykje av maten er importert, men forvaltninga kjenner ikkje potensialet for å omstilla verken produksjonen eller forbruket vårt i ein krisesituasjon. Noreg kan verta meir sjølvforsynt med mat ved å auka kornproduksjonen, men dagens verkemiddel er ikkje tilstrekkelege for å nå målet om auka

produksjon. Lønsemda i kornproduksjonen har falle over tid. Riksrevisjonen har funne at arealressursane i jordbruket ikkje vert forvalta på ein fullt ut berekraftig måte. Store jordbruksareal av god kvalitet er ikkje i drift. Beredskapsplanlegginga på mattryggleiksområdet er mangelfull.

Komiteen støttar opp om Riksrevisjonens tilrådingar til departementa om å styrkja verkemidla for mattryggleik og beredskap og å styrkja samarbeidet mellom departementa. Eg vil særleg trekkja fram tilrådinga om å gjennomføra ein risiko- og sårbarheitsanalyse av norsk matforsyning som òg omfattar ei vurdering av situasjonar med ein ikkje velfungerande internasjonal handel. I 2024 er me i ein internasjonal tryggingssituasjon der den internasjonale handelen er truga.

Det er avgjerande at landbrukspolitikken som vert ført, gjev trygg og sikker mat, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og ei berekraftig næring. Det er mange faktorar som er med på å avgjera om næringa vert oppfatta som attraktiv, men gode inntektsmoglegheiter er det viktigaste verkemiddelet for å nå dei jordbrukspolitiske måla.

Rapporten frå Riksrevisjonen er omfattande og klargjer mange sider ved mattryggleiken. Eg rekk berre nokre hovudpunkt i dette innlegget. Eg vil difor oppfordra alle til å lesa rapporten og innstillinga frå komiteen. Det sentrale er at utgangspunktet for matproduksjonen er arealressursane. Forvaltninga av dei må ha eit evig perspektiv. Eit aktivt landbruk basert på lokale ressursar er avgjerande for å ha kunnskap og utstyr til å styrkja mattryggleiken. Dette må regjeringa følgja opp i arbeidet med rapporten frå totalberedskapskommissjonen, i tråd med svarea statsrådana har gjeve til Riksrevisjonen.

Carl I. Hagen (FrP) [10:47:59]: Forslaget til vedtak er at dette dokumentet vedlegges protokollen. Det fattes altså ikke noen andre formelle vedtak. Men jeg vil gjerne føye til at det står en del mer, som er å oppfatte på omtrent samme måte. Det står:

- «Komiteen viser til at Riksrevisjonen tilrår at:
- Landbruks- og matdepartementet legg fram ei vurdering av kva for verkemiddel – både eksisterande og eventuelle nye – som kan bidra til å auke sjølvforsyninga, og som samstundes tek omsyn til forbrukarane sine preferansar og situasjonen i marknaden (...)
 - Justis- og beredskapsdepartementet saman med Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet etablerer felles dimensjonerande planføresetnader for den norske mat- og forsyningsberedskapen
 - Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet i samarbeid utarbeider eit

anslag for Noreg si sjølvforsyningsevne og greier ut korleis kosthaldet og matproduksjonen i jordbruket, havbruket og fiskeria ved behov kan omstillast ved kortvarige eller langvarige kriser

- Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet i samarbeid gjennomfører ein risiko- og sårbarheitsanalyse av norsk matforsyning som òg omfattar ei vurdering av situasjonar med ein ikkje velfungerande internasjonal handel.

Komiteen sluttar seg til Riksrevisjonen sine tilrådingar.»

Det er dette som er mitt poeng, at når komiteen enstemmig sluttar seg til disse anbefalingene, er det i realiteten omtrent det samme som et formelt stortingsvedtak, slik at vi forventer at departementene som her er nevnt, følger opp nøyaktig det som er anbefalingene, og som komiteen enstemmig har sluttet seg til. I en tid med stor usikkerhet og kriser internasjonalt er selvsagt selvforsyningsgraden og beredskapen for mat i landet av større betydning enn når det er fredelige situasjoner, som det har vært tidligere. Derfor håper jeg statsråden vil bekrefte at også han oppfatter den enstemmige komitétilslutningen til Riksrevisjonens anbefalinger som et stortingsvedtak, slik at når Riksrevisjonen forhåpentlig følger opp dette om noen år, kan den rapportere tilbake at det som er anbefalingene, og som komiteen enstemmig har sluttet seg til, er oppfylt. Det håper jeg vil være situasjonen om noen år når Riksrevisjonen rapporterer om dette på nytt.

Statsråd Geir Pollestad [10:51:08]: Eg trur det er sjeldan kritikk frå Riksrevisjonen har vorte motteken med større begeistring enn denne rapporten, og eg meiner at rapporten peikar på veldig grunnleggjande ting.

Sikker tilgang på mat er avgjerande for beredskapen i eit land. Med klimaendringar og ei uroleg verd er det gode grunnar for at arbeidet med matsikkerheit vert løfta fram og ettergått av Riksrevisjonen. Eg meiner Riksrevisjonen har gjort eit godt og grundig arbeid på eit viktig område både for regjeringa og for landet.

